

Sissel Høisæter

# Disposisjonsprinsipp i lærebøker i historie 1776-1877

Historiefaget har eksistert sidan oldtida og er blitt utvikla gjennom mange hundre år fram til dei store vitskapsteoretiske omveltingane på 1600-, 1700- og 1800-talet. Denne artikkelen handlar om den perioden då dei første lærebøkene i historie for latin- og almueskulen i Danmark-Norge blei skrivne, og drøftar korleis overgangen frå ein retorisk-munnleg kontekst til skriftkulturen kjem til uttrykk i diskusjonar om disposisjonsprinsipp i fororda til desse bøkene.

DENNE ARTIKKELEN PRESENTERER ei undersøking av elleve lærebøker i historie skrivne mellom 1776 og 1877.<sup>1</sup> I den perioden tar historiefaget form i skulen i Danmark-Norge, først innafor ein munnleg-retorisk kontekst, men etter kvart blir faget meir og meir tilpassa skriftmediet. Eg finn tre ulike disposisjonsprinsipp omtalt og utprøvd i lærebøkene. Desse disposisjonsprinsippa er samstundes aspekt som er til stades i all historieframstilling. Eg kallar dei tre prinsippa *det eksemplariske, det topografiske og det kronologiske*.

Dei eldste lærebøkene er dei mest sentrale

1 Kriteria for utvalet av dei elleve lærebøkene i historie har vore at dei skal representera dei fleste tiåra i hundreårsperioden, at dei er skrivne både for almue- og latinskulen og at både nasjonal- og verdshistorier er representerte. Ei oversikt over bøkene finst i litteraturlista. Undersøkinga er ein del av arbeidet mitt med ei ph.d.-avhandling med arbeidstittlen *Kunnskapens orden. Ein studie av disposisjonsprinsipp i didaktiske tekstar*.

i presentasjonen av disposisjonsprinsippa, då fororda til desse bøkene byr på omfattande diskusjonar om kva historie er og korleis faget skal framstillast. Eg skal særleg diskutera synspunkt som kjem fram i bøkene til Abraham Kall, K. E. Mangelsdorff, Gustav Ludvig Baden og Ove Malling.

## Kall, Mangelsdorff, Baden og Malling

Abraham Kall var "Professor i det greske Sprog og Bibliotecarius ved Københavns Universitet"<sup>2</sup> då han i 1776 gav ut boka *Den almindelige Verdens Historie kortelig forfattet og til Brug for Skolerne i Danmark og Norge*. Boka er ei omsetjing og omarbeiding av den "berømte Wittenbergske Lærer" Johann Matthias Schrøchs verdshistorie frå 1774.<sup>3</sup> Kall si

2 Kall (1776), tittelbladet.

3 Sitat frå Kall (1776), "Til Læseren" (upaginert). Boka er ikkje ei direkte oversetjing av originalen,

lærebok blei svært populær, i følge Per Krarup er ho ei av dei mest brukte lærebøkene i latinskulen i to menneskealdrar.<sup>4</sup> Læreboka er skriven for latinskulen, men har ei lang og svært interessant innleiing om historie og historieformidling som gjeld faget på alle utdanningstrinn.

K. E. Mangelsdorff var “Professor i Historie, Veltalenhed og Digtekonst ved det Kongel. Universitet i Königsberg”,<sup>5</sup> og originaltittelen på hans verdshistorie er *Abriss der Allgemeinen Weltgeschichte*. Verket blei utgitt i 1808 i København. I dansk omsetjing heiter ho *Den almindelige Verdenshistorie til Brug for Skolerne i Dannemark og Norge* og er skriven for almueskulen. Mangelsdorff har skriva ei omfattande innleiing til boka.

Kall og Mangelsdorff skriv verdshistorier, bøkene til Ludvig Baden og Ove Malling dreier seg om nasjonalhistorie. Baden blir på tittelbladet til boka si *Det danske Riges Historie* frå 1797 presentert som “Doktor Juris, Vice-landsdommer i Lolland og Falster, Borgermester og Byfoged i Nakskov, samt Herredsfoged i Lollands Sønderherred”.<sup>6</sup> Badens Danmarkshistorie er ei av dei eldste historiebøkene som er skriven for folkeskulen. Boka blei mykje brukt, og ho blei også anbefalt av Fredrik den Sjette for underoffisersskulane.<sup>7</sup>

Ove Mallings *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenerne* frå 1777 er den fjerde, svært interessante boka frå tidleg i den hundreårsperioden eg undersøker her. Denne boka er eit bestillingsverk og ikkje i utgangspunktet skriven som ei lærebok i historie. Malling kallar henne eit “patriotisk Skrift”.<sup>8</sup> Eit formål med boka er å fastsetja ei

ortografisk norm i dansk, eit anna er å presentera eksemplariske danske, norske og holstenske menn og kvinner. Boka er ei eksempelsamling, og stoffet er delt i kapittel med kvar si borgarlege dygd som tittel. Boka er likevel samstundes ei slags historiebok: Malling skriv at han presenterer forteljingar frå dansk historie. Stoffet er ikkje ordna strengt kronologisk innan kvart kapittel, men den siste avdelinga i boka er ein kronologisk gjennomgang av Danmarks historie med eit detaljert skjema som plasserer dei tidlegare fortalte hendingane på ei tidslinje.<sup>9</sup> Malling si bok var skriven for latinskulen, men ho blei i tillegg folkelesnad i over hundre år, og mange av forteljingane frå denne boka blei gjengangarar i seinare lesebøker og historiebøker.

## Mærkværdige Begivenheder

“Historien er en troeværdig Fortælling om mærkværdige Begivenheder” skriv Abraham Kall i innleiinga til historieboka si.<sup>10</sup> Denne historiedefinisjonen er typisk for lærebøkene i perioden, og eg skal kort kommentera dei tre komponentane “Fortælling”, “troeværdig” og “mærkværdige Begivenheder”.

Historia er ei forteljing, skriv Kall. Dette var i liten grad eit stridsspørsmål når det gjeld skulefaget historie. Framstillinga av historie hadde eksistert sidan oldtida, og faget sitt medium frå gammal tid var forteljinga, den munnlege kulturen sin hovudsjanger. Historiefaget er uløysleg knytt til forteljesjangeren. Det er ein fenomenologisk

latinskulen frå 1775, kalla *Forordning angaaende Skoel-Væsenets Forbedring ved de publice latinske Skoeler*, eller *Den Guldbergske Skoleforordning*.

Malling var 30 år då han skreiv eksempelsamlinga si, han fekk seinare ein livslang karriere i dansk embetsverk.

9 Ove Malling si bok blei òg seinare prøvd omskriven til ei kronologisk ordna historiebok av historikaren Fredrik Barfod (*Fortællinger af Fædrelandets Historie*, 1853), rett nok utan hell.

10 Kall (1776), s. 2.

Kall greier ut om forskjellane i forordet (upagiert).

4 Krarup (1970), s. 189.

5 Mangelsdorff (1808), tittelbladet.

6 Baden (1797), tittelbladet.

7 Lauring (1970), s. 64.

8 Malling (1777), s. 20. Malling fekk i oppdrag å skriva boka av vennen Ove Høegh-Guldberg i samband med innføringa av skulereformen for

slektskap mellom historia og forteljninga, dei handlar begge per definisjon om det fortidige. Men å fortelja noko i tale eller skrift føreset eit autoritativt forteljande subjekt, og forteljninga sin plass i historiefaget blei først for alvor utfordra av det nye vitskaplege idealet om vitskapleg objektivitet og kjeldekritikk som voks fram på 1800-talet. I dag vil mange historikarar på ny gi forteljninga ein sentral plass i historiefaget.

Den historiske forteljninga er "troeværdig" skriv Abraham Kall. Ikkje alle merkverdige hendingar det kan forteljast om, kan kallast historie: "Vi maae for alting vide, om Begivenhederne, som berettes, ogsaa saaledes har tildraget sig, og om altsaa disse Beretninger ere sande." Dette kan vera vanskeleg skriv Kall, i slike tilfelle må ein "tvivle en Tid lang om Fortællinger, som synes besynderlige". Kall konstaterer at sidan ein "ei altid kan komme til en fuldkommen Vished i Historien; saa kan man ogsaa lade sig nøie med en stærk Sandsynlighed". Kall stiller altså ikkje eit absolutt krav om at historia skal vera sann. Med dette atterhaldet om det sannsynlege plasserer Kall det å fortelja og skriva historie på den retoriske sida av den aristoteliske distinksjonen mellom dialektisk og retorisk kunnskap.

Den historiske forteljninga dreier seg i følge Kall om "mærkværdige Begivenheder". Ordet "mærkværdig" skal forståast bokstaveleg, som noko det er verdt å merka seg. Imidlertid "udelukker [Historien] utallige jevnlig forekommende og ubetydelige Tildragelser, som det ei nytter Menneskene at vide, og hvoraf de ikke engang kan have nogen lærerig Fornøielse."<sup>11</sup> Det historia handlar om er:

(...) ikkun de mærkværdige Begivenheder, d.e. saadanne, som har forvoldet en stor forandring i Verden, i det mindste i en Deel af den; ligeledes de, i hvilke der fremstilles for os Exempler paa en usædvanlig

11 Kall (1776), s. 2.

Duelighed og Viisdom, paa overordentlige Dyder eller Laster: overhovedet saadanne Begivenheder, som Menneskene stedse kunne bruge, for at blive forstandigere og bedre ved sammes Betragtning.<sup>12</sup>

Den enkeltstående episodiske hendinga er såleis i følge Abraham Kall det fundamentale elementet som historia er bygd opp av. Tilhøvet mellom den enkelte hendinga og den meir allmenne historiske utviklinga, altså mellom det individuelle og det generelle nivået i historia, er framleis ei heilt sentral problemstilling i historiefaget.<sup>13</sup>

Historiedefinisjonen frå 1776 gir historikaren to nødvendige oppgåver. For det første å kanonisera dei hendingane som skal konstituera historia, og for det andre å bestemma kva måte desse hendingane skal koplast saman på for å utgjera historia. Spørsmålet om kanoniseringa av enkelt-historier er ikkje hovudtema i denne artikkelen. Eg skal derimot undersøkje tre måtar å kombinera enkeltstående, episodiske forteljingar om historiske hendingar på: den eksemplariske, den topografiske og den kronologiske. Desse tre disposisjonsprinsippa blir diskuterte i innleiingane til dei omtalte lærebøkene i historie, og dei blir prøvde ut i bøkene.

Eg vil argumentera for at det eksemplariske og det topografiske prinsippet i større grad enn det kronologiske høyrer til i ein munnleg orientert kontekst. Historiefaget i skulen gjennomgår ei forandring i hundreåret mellom 1776 til 1877. Den dominerande metodologiske praksisen i historieopplæringa i skulen, å læra utanåt, blir litt etter litt påverka av betre tilgang på lærebøker, og utanåtlæringa blir erstatta av lesing. Måten å hugsa historie på blir såleis

12 Kall (1776), s. 1-2.

13 Problemstillinga har vore utgangspunkt både for diskusjonar om kva som kjenneteiknar historiefaget i forhold til andre fag, og om korleis historie skal tolkast og framstillast. Sjå m.a. Kjeldstadli 2000, s. 105.

forandra. Ein går frå å oppbevare historie i minnet, *memoria*, med dei minneteknikkane som det då var bruk for, til å oppbevare historie i skrift, med dei nye moglegheitene for utforminga av historia som det gav rom for. Denne utviklinga ser eg som den viktigaste variabelen i endringa i synet på kva historie er i dette hundreåret.

## Det eksemplariske prinsippet

Det eksemplariske er hovudprinsipp i disposisjonen av Ove Mallings *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere*. Enkeltforteljingane i denne eksempelsamlinga illustrerer borgarlege dygder. Dygdene er samla i atten kapittel med titlar som “Kierlighed til Fedrelandet”, “Tapperhed”, “Ædelmodighed” og “Flid i Studeringer”. Det er ikkje alltid like enkelt å kategorisera forteljingane, skriv Malling: “Handlingernes Inddeling under visse Classer har havt sine Vanskeligheder. Mange Handlinger kan betragtes fra forskjellige Sider, og mange Dyder grændser saa tæt sammen, at det undertiden bliver tvetydigt at bestemme en dydig Handling sit sted.”<sup>14</sup>

Portrettering av dydsmønster er eit av dei viktigaste pedagogiske grepa i opplysningstida. Dei første skjønnlitterære barnebøkene er for eksempel samlingar av svært moraliserande eksempelforteljingar. Desse bøkene var først importerte frå utlandet, særleg Tyskland, men frå opplysningstida av får ein eit stort tilfang av danske og norske bøker med eksemplariske forteljingar for barn.<sup>15</sup>

Det skjønnlitterære stoffet skil seg sjølv sagt frå dei historiske eksempla ved å vera oppdikta. Dei historiske eksempla har i

følgje Aristoteles sterkast overtydingskraft: “Det er altså nok lettere at skaffe eksempler i form av fabler, men eksempler fra virkeligheden er nyttigere i en overvejelse. Fremtiden ligner jo for det meste fortiden.”<sup>16</sup>

Det eksemplariske blei ikkje vanleg å bruka som overordna disposisjonsprinsipp i lærebøker i historie etter Malling, men det finst forgjengarar for denne måten å disponera dei historiske enkeltforteljingane på, noko Malling peiker på i fortalen til boka si:

Vel ere der nogle, som før mig have samlet saadanne Handlinger. Valerius Maximus har gjort et Udkast dertil. De franske have seet i deres Ecole militaire mange og store Krigsdyder, og ville uden Tvivl i deres Théâtre du monde, som nu arbeides paa, see lige saa mange af de fredelige.<sup>17</sup>

Det eksemplariske er eit medverkande prinsipp også i historiebøker som ikkje har det eksemplariske som overordna disposisjonsgrep. I sitatet frå Kall over heiter det at dei merkverdige hendingane er slike “i hvilke der fremstilles for os Exempler paa en usædvanlig Duelighed og Viisdom, paa overordentlige Dyder eller Laster”.<sup>18</sup> Han skriv også: “Just derved, at Historien gjør os saa meget bekendte med Mennesket og med os selv, bliver den den bedste Klogskabs Lærere.”<sup>19</sup> Ein kan, i følgje Kall, læra utan sjølv å måtta erfara. Av den grunn må historia visa både gode og dårlege eksempel.

I Tormod Eides *Retorisk leksikon* er eksempel definert som “Omtale av en historisk, litterær eller mytologisk handling som taleren benytter som ‘bevismiddel’ eller som eksempel til etterfølgelse”.<sup>20</sup> Eksempelet har altså to funksjonar, det kan brukast som bevismiddel eller som modell. Som bevis-

14 Malling (1777), s. 21.

15 Dei første encyklopediske lesebøkene i almueskulen har også avdelingar med denne typen oppbyggeleg lesestoff, sjå til dømes Morten Hallager, 1807.

16 Aristoteles *Retorikken*, 2.20.8, omsett av Thure Hastrup i Aristoteles (1991), s. 165.

17 Malling (1777), s. 20.

18 Kall (1776), s. 2.

19 Kall (1776), s. 11.

20 Eide (1990), s. 55.

middel kan eksempla, med Øivind Andersens formulering, “brukes *kata logon* eller *para logon*, dvs. til å underbygge enten et vanlig eller et uvanlig standpunkt”.<sup>21</sup> Når det gjeld eksempelet brukt som modell, kan me skilja mellom om eksempelet tener anten til etterfølging eller til avskrekking.

Begge desse funksjonane har relevans for Mallings si *Store og gode Handlinger*. Eksempl-samlinga hans er såleis ein ‘kata-log’ over ønskelege borgarlege dygder. Det greske ordet ‘katalogos’ var opprinneleg brukt i det militære om lister over stridsdyktige menn.<sup>22</sup> Walter J. Ong skriv om katalog-omgrepet i høve til det munnlege i boka *Orality and Literacy*:

An oral culture has no vehicle so neutral as a list. In the latter half of the second book, the Iliad presents the famous catalogue of the ships – over four hundred lines – which compiles the names of Grecian leaders and the regions they ruled, but in a total context of human action; the names of persons and places occur as involved in doings.<sup>23</sup>

Dette katalog-omgrepet passar på eksempl-samlinga sin måte å stilla opp lister over dydsmønster og handlingane deira, og såleis visa eit *forråd* av handlemåtar. Abraham Kall skriv at historia er “ligesom et Magazin af nyttige Raad og Belutninger, hvilke man daglig trænger til.”<sup>24</sup>

Orda katalog, magasin og forråd, på latin *copia*, peikar mot historiefagets *inventio*, eller ontologi, om ein vil. I kravet om det merkverdige og det eksemplariske ligg kriterium som styrer utvalet av kva for nokre historiske hendingar som skal utgjera historia. I Mallings si lærebok, som i dei

andre lærebøkene frå denne tida, er eksempl-utvalet styrt av *formålet*, dei katalogiserte eksempla er eksempel til etterfølging for dei som skal bli gode borgarar. Dette fokuset på formål og funksjon ved det historiske eksempelet viser tydeleg den retoriske overbygninga historiefaget har i denne perioden.

Den vekta som blir lagt på det eksemplariske, reflekterer etter mitt syn også den munnlege dominansen i undervisningssystemet omkring 1770. Ein viktig variabel for utvalet av enkelthistorier som skal konstituera historia, er knytt til spørsmålet om kva som lar seg hugsa. Når ein lærer i ein munnleg kultur, dreier det seg om å kunna hugsa, altså det som i retorisk teori vedkjem *memoria*.

Ei av dei to retorikkbøkene frå antikken som omtalar minneteknikkar er den anonyme *Rhetorica ad Herennium*.<sup>25</sup> I følgje denne “Retorikk til Herennius” (frå 1. hundreåret f.Kr.) hugsar ein i bilde, ein ser for seg det ein minnst. Men bilda varierer i styrke og det som skapar dei sterke bilda er nettopp det merkverdige: “hvis man ser eller hører noget der er specielt uanstændigt, uhæderligt, usædvanligt, storslået, utroligt eller latterligt, plejer man at huske det i lang tid.”<sup>26</sup>

Eksempel er enkle å hugsa. Det gjeld også dei historiske eksempla. Definisjonen av historie som enkelthendingar der handlande personar er tydelege og det moralske innhaldet er sterkt gir eit heilt anna utgangspunkt for å hugsa enn ei historieframstilling som legg vekt på større handlingslinjer, eller logiske samanhengar mellom hendingane.

Eit anna trekk ved eksempelet som gjer dei lette å oppbevare i minnet involverer lagginga av dikotomiar. Når ein gir eksempel

21 Andersen (1995), s. 152.

22 “Optælling, især Fortegnelse, Liste over vaabendygtige el. til visse Øjemed valgbare Borgere”, Berg (1885), s. 378–79.

23 Ong (1991), s. 42–43.

24 Kall (1776), s. 16.

25 *Rhetorica ad Herennium* blei i middelalderen og renessansen feilagtig tilskreven Cicero. Sjå også Quintillian, *Institutio oratoria* 11.2, omsett i Quintilian (2001), s. 59–85.

26 Op.cit., 3.7.35, omsett av Søren Hindsholm i *Rhetorica ad Herennium* (1998), s. 111.

som argumenterer for eller mot noko så set ein samstundes opp system for godt og vondt, rett og galt. Når det gjeld historie så fører det til at historia blir tydelegare, og dermed enklare å hugsa. Walter Ong har sett opp ei liste over karakteristiske trekk ved talespråklege tanke- og ytringsformer. Det munnlege er agonistisk farga, skriv han: "By keeping knowledge embedded in the human lifeworld, orality situates knowledge within a context of struggle".<sup>27</sup> Danninga av dikotomiar viser slike 'kampsamanhengar'.

Ong understrekar også at det munnlege uttrykket er nært den menneskelege livsverda. Den munnlege kulturen vil assimilera den framande, objektive verda inn i menneska sitt kvardagsliv.<sup>28</sup> Det eksemplariske aspektet fungerer på denne måten; den fortidige hendinga blir *aktualisert*. Eksempellet sin pragmatiske funksjon gjer at hendinga ikkje berre har tyding i og for seg, som ei hending i fortida. Hendinga det blir fortalt om får meining her og no, ho blir knytt til den aktuelle situasjonen og til det framtidige. Eksempellet si tilknytning til fortida blir på denne måten svekka. Dette er eit karakteristisk trekk ved Ove Malling si bok: det historiske eksempellet er med og dannar den blivande borgaren, og gir råd om korleis ein bør opptre i framtida.

## Det topografiske prinsippet

Som ei innleiing til presentasjonen av det topografiske disposisjonsprinsippet vil eg fortelja om ein onkel eg har: Onkel Bernt. Han og eg deler ei stor interesse for lokalhistoria på den plassen der me begge har vakse opp. For å bevare mest mogleg av kunnskapane onkelen min har om lokalhistoria, bestemte eg meg for å gjera lydbandopptak av det han fortalte om gamle dagar, for han oppbevarer kunnskapane i

minnet sitt. Då eg kom til han med bandopptakaren, hadde han tenkt ut korleis han skulle organisera materialet sitt, og han starta på denne måten: "Grensene for mitt barndoms rike var... slik og slik". Og så fortsette han med å fortelja alt han visste om kvart hus og kvar gard innanfor desse grensene: den gamle gjestgivarstaden, dei små husa på småbruka, kyrkjegarden, vegane og så vidare. Det han gjorde var å organisera informasjonen og forteljingane topografisk.

I følgje Abraham Kall er topografi saman med kronologi "Historiens uadskillelige Ledsagerinder". Etter å ha diskutert korleis historie skal definerast, skriv Kall:

Man maae nemlig foredrage Begivenhederne saaledes, at de let forstaaes, huskes og efter Behag kan anvendes. Derved ere især to Hjelpemidler uundværlige. Det første, at man bestemmer, til hvilken Tid Begivenhederne har tildraget sig. Den Videnskab, som beregner Tiderne efter deres indbyrdes Følge og Forbindelse, kaldes Chronologien, eller Tidsregningen. For det andet maa man fornemmelig lære at kiende det Sted, paa hvilket de mærkværdige Ting ere forefaldne. Atter en særdeles Videnskab, Geographien eller Jordbeskrivelsen, som forskafter os en nøiagtig Kundskab om Verden (Historiens Skueplads), i gamle og nyere Tider. Den er, ligesom Tidsregningen, ofte ufulstendig og mørk; men dog behageligere end samme. Begge ere de Historiens uadskillelige Ledsagerinder.<sup>29</sup>

På slutten av 1700-talet er det ein lang tradisjon i dansk-norsk vitskapleg prosa å skriva historisk-topografiske studiar. Desse studiane er først og fremst skildringar av

27 Ong (1991), s. 44.

28 Ong (1991), s. 42.

29 Kall (1776), s. 5. Sjå også Mangelsdorff (1808), s. 5: "Hjelpevidenskaberne til Historiens fuldkomne Studering ere følgende: Chronologien eller Tidsregningen; Geographien eller Jordbeskrivelsen."

ulike prestegjeld i tvillingriket.<sup>30</sup> Til saman skulle dei gi ei brei oversikt over historisk-topografiske forhold i heile nasjonen. Dei nasjonale historiebøkene som kjem etterpå, i hundreåret mellom 1770 og 1870 er ikkje strukturert som topografiske oversyn på same måten. Men det topografiske og det geografiske aspektet er sterkt til stades i skrivninga, og det blir diskutert som eit disposisjonsprinsipp i innleiingane til bøkene.

Fredrik Barfods *Mindre lærebog i Danmarks Historie* frå 1861 er eit eksempel på korleis desse nasjonale historiebøkene framleis legg stor vekt på dei geografiske og dei topografiske tilhøva i Danmark. Den første setninga i Barfods lærebok minner svært mykje om den onkelen min brukte. Barfod innleier første kapittel om “Danmark og dets Grænder” slik: “Danmark, vore Fædres Land, bestaaer af en større Halvø som hedder Jylland, og en Mængde større og mindre Øer, af hvilke Sjælland, Fyn, Laaland og Bornholm ere de største.”<sup>31</sup> På same måten introduserer K. E. Mangelsdorff si verdshistorie med ein detaljert oversikt over verdas geografi: “Jordkloden bestaaer af fem Hovuddele: Europa, Asia, Africa, America og Sydindien eller Australien.”<sup>32</sup>

Historikarar frå hundreåret mellom 1776 og 1877 legg generelt stor vekt på det topografiske eller det geografiske aspektet ved historieframstilling. Enkeltforteljingar kan ordnast topografisk, eller ein kan ha stor støtte av det topografiske aspektet i ei kronologisk framstilling. Dette reflekterer igjen den orale konteksten historiefaget er innanfor på denne tida. Det er nemleg mykje enklare å hugsa historiske hendingar om ein plasserer dei i ein geografisk eller topografisk struktur.

Det topografiske aspektet i historieframstilling er nært i slekt med dei viktigaste

30 Prestegjeld er eit kyrkjeadministrativt område. Eit prestegjeld omfattar fleire kyrkjesokn.

31 Barfod (1861), s. 5.

32 Mangelsdorff (1808), s. 1.

minneteknikkane slik dei blir presenterte i eksempelvis *Rhetorica ad Herennium*. Her får den romerske talaren det rådet at for å hugsa momenta i talen sin så skal han i tankane plassera biletlege representasjonar av argumenta på plassar, altså på *topoi* eller *loci* som det heiter i den greske høvesvis den latinske terminologien, i eit rom eller landskap han kjenner godt. Medan talen blei framført kunne han då i tankane vandra frå stad til stad i rommet eller landskapet, og slik hugsa alle momenta i den ønskte rekkefølga.<sup>33</sup> Dette er akkurat det onkelen min gjorde og det er dette historikarane Kall og Mangelsdorff rår historiestudentane til å gjera.

Når det gjeld historiefaget er det likevel ikkje nødvendig å plassera momenta i framstillinga på oppkonstruerte stader. Dei historiske hendingane har denne plasseringa bygd inn i seg, dei skjer på det 1700-tals-historikarane kallar “Historiens Skueplads”.

I nokre tilfelle er den topografiske ordninga kanskje den einaste måten å hugsa historia på. Onkelen min kunne ikkje ha strukturert informasjonen han hadde samla gjennom eit langt liv så effektivt på nokon annan måte som ved å bruka topografien. Ein kronologisk struktur ville ikkje ha fungert. For det første ville han i mange tilfelle ikkje vita akkurat kva tid enkelte ting skjedde på. Det næraste han kunne koma ei datering ville for eksempel vera at *dette* hendte då mor hans var eit barn, og at *dette* hendte under andre verdskrigen.

I dei fleste tilfelle ville det ikkje vera nokon grunn for å kjenna til rekkefølga på hendingane. To av dei hendingane han for-

33 *Rhetorica ad Herennium*, 3.7.28-32, omsett i R. ad H. (1998), s. 106-111. Sjå også *Institutio oratoria*, 11.2.21, her omsett av D. A. Russell i Quintilian (2001), s. 69: “So one needs (1) Sites, which may be invented or taken from reality, (2) Images or Symbols, which we must of course invent. By Images I mean the aids we use to mark what we have to learn by heart.”

tel kan illustrera dette. Den eine er ei historie om ein familie som budde på ein fattig, liten husmannsplass. Kona i huset blei spedalsk og blei sendt til leprasjukehuset i Bergen, der ho måtte leva isolert resten av sitt liv. Forteljninga til onkelen min dreier seg om at mannen hennar seinare prøvde å gøyma bort den vesle sonen sin som også hadde blitt smitta og var spedalsk. Ei anna forteljning dreier seg om den gongen den kjente norske predikanten Hans Nilsen Hauge kom og budde på gjestgivarstaden. Ein kan tenkja seg at desse to historiene kan ha skjedd på om lag same tida. Men ingen kan ha nytte av å kjenna rekkefølga på dei. Dei to historiene har ingen samanheng med kvarandre.

Det eksisterer alltid ein historisk skueplass for kvar hending i historia, og av den grunn har det topografiske prinsippet ei sterk stilling innan historiefaget. I historiefremstillingar som den onkelen min laga, er den topografiske måten å strukturera det historiske materialet på den beste. I andre tilfelle kan det topografiske aspektet gi solid støtte til det kronologiske. Det gjeld for eksempel i den typen historiske hendingar som har å gjera med reiser. Når ein reiser i eit landskap fell topografi og kronologi fullstendig saman. Slik vil historier om krigar og utforsking, om erobringar og flukt automatisk oppnå ein nøyaktig kronologi. Dette er tilfelle i svært mykje historieskriving frå antikken til moderne tider. Eit ekstremt uttrykk for dette er historikaren Henrik Scheel som då han i 1780-åra skulle skriva Kong Fredrik den 4's krigshistorie, følte behov for først å skriva ei 656 siders topografisk skildring.<sup>34</sup>

## Det kronologiske prinsippet

Den historiske tidslina er på sett og vis ein nødvendig føresetnad for å tenkja historie i det heile, og me ser på tidslina som fastlagt.

34 Resultatet blei Scheel (1785).

Men for historikarane på slutten av 1700-talet var spørsmålet om kronologi eit stort diskusjonstema. Som me har sett skriv Kall at både geografien og kronologien ofte er “ufulstendig og mørk”, og Kall legg til at av dei to er kronologien det vanskelegaste.<sup>35</sup>

Historikarane på slutten av 1700-talet peikar på ulike problem når det gjeld bruken av kronologi som disposisjonsprinsipp i historiefremstilling, først og fremst på problemet med tidsrekninga. Hovudverktøyet når ein kalkulerer tid er tallinja. I sju av dei åtte verdshistoriene i det materialet eg har undersøkt er startpunktet for tidsrekninga, og dermed tallinja, skapinga av Adam og Eva. Den åttande, *De mærkeligste Personers Levnetsbeskrivelse og de vigtigste Tildragelser igjennem alle Tidsaldre, tilligemed et Udtog* (1804) av overlærer E. Munthe startar med Moses. Dei første kapitla i historiebøkene er derfor som oftast ein parafrase av historiene frå det gamle testamentet.

Ein merkar ein viss motvilje mot å måtta ha med dette stoffet i fleire av bøkene. Kall skriv i forordet at den jødiske historia berre er kort behandla “da man dog vist nok ey vil om samme lade sig nøye med det, som en kort Universal-Historie derom kan berette”.<sup>36</sup> Mangelsdorff grunngir det same med at “Ungdommen i vore Skoler lærer den bibelske Historie i en særskilt Bog, og det altså ville være urimelig at opfyldte en lærebog i Historien med noget, som alligevel skal læres i et andet Skrift.”<sup>37</sup> U. C. Mule kommenterer ikkje dette dilemmaet direkte i si historiebok frå 1815, men han gjenfortel nokså summarisk: “Gud skabte Himlen og Jorden af Intet. Han bød og Verden blev. Gud satte våre første Forældre, Adam og Eva, i Paradiis, en nydelig Have, der uden Dyrkning frembragte Alt til deres Fornødenheder. Her blev de kun kort Tid.”<sup>38</sup>

35 Kall (1776), s. 5.

36 Kall (1776), s. vi.

37 Mangelsdorff (1808), s. i.

38 Mule (1815), s. 1.

På Kall og Mangelsdorffs tid er ikkje historikarane einige om korleis ein bereknar tida ut frå dette startpunktet for tidsrekninga. Verdshistoriene varierer mellom å rekna tida som i dag, før og etter Kristus, til å rekna årstalet etter skapinga fram til tidsrekninga tar til på ny etter Kristus. Kall nyttar dette siste systemet, og første del av historia har kapiteltittelen: "Historien før Christi Fødsel. Første Tidsrum. Fra Skabelsen til Syndefloden. Det er: Fra Verdens Skabelse til Aar 1656."<sup>39</sup> Munthe nyttar den same tidsrekinga, innleiingssetninga i boka hans er: "Mose, Jødernes Lovgiver, fød i Ægypten af jødiske Forældre, to tusind og fire hundrede Aar efter Verdens Skabelse."<sup>40</sup>

Tidsrekninga i Danmarkshistoriene følger dette systemet, sjølv om det lokale startpunktet er meir uklart. Gustav Ludvig Baden har følgjande vakre innleiingssetning i boka si: "Vor allerældste danske Historie, som den hele nordiske, har dette tilfældes med alle andre Staters Oldhistorie, at den er mørk, uvis og fuld af Fabler."<sup>41</sup>

Mangelsdorff peiker på problemet ved at historieframstillinga får ei veldig breidde når ein brukar kronologi som hovudprinsipp:

(...) pragmatisk kaldes Historien, naar den anfører lærerige Oplysninger om de fortalte Begivenheders Aarsager og Følger, og giver Vink til at drage nytte af det Fortalde; synchronistisk kaldes den, naar den fortæller alle samtidige Tildragelser, uden at tage i Betragtning om et Folks Historie afbrydes eller ei; ethnographisk kaldes den naar den fortæller hvert Folkeslags Historie for sig selv; chronologisk naar Alting fortæles efter Tidsfølgen; syntetisk kaldes den naar den i een Række fortæller de Begivenheder, som have tildraget sig hos eet Folk efter hinanden.<sup>42</sup>

39 Kall (1776), s. 17.

40 Munthe (1804), s. 1.

41 Baden (1797), s. 1.

42 Mangelsdorff (1808), s. 5.

Historia skrir fram i mange ulike land samstundes, utan at hendingane i desse landa nødvendigvis har noko med kvarandre å gjera. Dette problemet er vanskeleg å handtera i ein oral kontekst, men lar seg løysa gjennom kapittelinnendinga i ei skriftleg framstilling av historiefaget.

Dei historikarane som framleis var opptekne av korleis historiefaget fungerte innanfor ein oral kontekst, oppfatta tidslina som eit usikkert disposisjonsprinsipp. Tidslina kan fungera godt som verktøy til å strukturera hendingar så lenge ein kan registrera dei etter kvart som dei skjer, slik ein gjer i loggar, dagbøker og annalskriving. Problema oppstår når ein skal rekonstruera rekkefølgja på hendingar. Hovudproblemet for den oralt orienterte historielæraren er at tidslina er for abstrakt til å kunna fungera som minnestøtte. Det ein bruker som hjelpemiddel i munnlege kulturar er ikkje datoar og årstal, men rekkefølgja på andre minneverdige hendingar. Skal ein skriva historia kan genealogiar, kongerekker og krigar òg gi ei grov tidslina som ein kan plassera hendingar i forhold til.

Lærebøkene i historie i den perioden eg undersøker, har alle, med unntak av Ove Malling si eksempelsamling, kronologi som overordna disposisjonsprinsipp. Men dette er ein *relativ* kronologi. I dei nasjonale historiebøkene er det først og fremst kongerekker som gir kronologien. Eit døme på det er Badens fedrelandshistorie frå 1797. Innhaldet i denne boka er tredelt: "Danmarks allerældste Historie", "De danske Konger før Kristendommen" og "De kristne Konger til nu værende Tider".<sup>43</sup> I del 2 er 19 kongenamn undertitlar, i del 3 er det 40 kongenamn.<sup>44</sup>

Me kjenner dette grepet frå Det gamle testamentet og frå bibelsogene slik dei blei brukte i norsk grunnskule fram til på 1970-talet. Dei enkelte hendingane i bibelsoga

43 Baden (1797), innhaldslista.

44 Jf. òg Ong (1991), s.43, om måten å lista opp fenomen på i munnlege kulturar.

står i ei innforstått, men ukommentert kronologisk rekkefølge. Hovudsiktemålet er ikkje å fortelja ei overordna historie, fokuset blir uforstyrta festa på dei bibelsk personane og handlingane deira. Enkeltforteljingane i denne relative kronologien er framleis enkle å hugsa. Det Quintilian i 1. hundreaaret e.Kr skriv om å hugsa momenta i ein tale kan overførast til tilhøvet mellom den enkelte historiske episoden i den kronologiske strukturen: "If a longish speech has to be held in the memory, it will be best to learn it section by section", og han legg til: "if possible, the sections should coincide with the ends of topics".<sup>45</sup>

## Frå støttespelar til hovudrolla – og vidare

Den relative kronologien i form av opplisting av namn er altså den vanlegaste forma for kronologi gjennom nesten heile 1800-talet i materialet mitt. I denne kronologiske organiseringa står framleis det munnlege aspektet sterkt, den enkelte historiske episoden er skilt ut og kan lærast utanåt og hugsast på same måten som munnleg overleverte forteljingar innan folkediktinga.

Frå omkring 1890 går kronologi over frå å vera ein måte å organisera enkelthendingar på til sjølv å bli fokuset i historieframstillingane. Det skjer ved at historieframstillinga blir ei forteljing om utvikling og forandring. Den historiske utviklinga skjer frå den eine historiske perioden til den andre, og forandringane definerer periodane. Gjennom periodeseringa skapar ein motsetningar og forklaringar som erstattar det handlande mennesket som hovudaktør i historia.

Frå slutten av 1800-talet og fram til om lag 1970 er det historia om kulturar og

nasjonar si utvikling som er i fokus, og dei enkelte historiske episodane har fått ein underordna posisjon i forhold til forteljinga. Den lange, episke forma som historia såleis får, er både eit produkt av skriftkulturen og avhengig av han. Denne historia er skriven for å bli lesen, ikkje for å bli fortalt av læraren og gjenfortalt av eleven.

Kort oppsummert kan ein seia at historiefaget såleis forandrar seg frå å handla om den enkeltståande, episodiske hendinga som er tilpassa den munnlege undervisninga, til å dreia seg om den store forteljinga om nasjonar og kulturar si utvikling. På denne måten blir historia ei forteljing om tida for sin eigen del, og ikkje om hendingar i tida knytt til ein meningsfull situasjon her og no, eller til ein bestemt stad her og no. Denne utviklinga reflekterer at historiefaget i hundreaaret 1776-1877 er i ei brytningstid, der oppfatningane knytt til ein munnlegretorisk kultur sakte må lata plassen for nye vitenskaplege ideal, og – ikkje minst – tilpassast ein skriftkultur.

Dei tre disposisjonsprinsippa som er diskusjonstema i fororda til historiebøkene frå slutten av 1700-talet, det eksemplariske, det topografiske og det kronologiske i form av ein relativ kronologi, var såleis hundre år seinare ikkje lenger aktuelle som måtar å organisera historiefaget på. Men den lange, kronologisk ordna forteljinga som avløyste den relative kronologien er ikkje lenger det rådande disposisjonsprinsippet i vår tids lærebøker. Kronologien er no blitt tona ned og erstatta av temaorganiserte framstillingar av historiske epokar, periodane blir presenterte som *tidsrom* med lister over det som er typisk for perioden.

Dei tre disposisjonsprinsippa held likevel fram med å vera verksame aspekt i all historieframstilling. Det eksemplariske aspektet er alltid til stades i spørsmål om kva historia skal handla om og kva formålet med å læra historie er. Det topografiske aspektet er ein integrert del av historie-

45 *Institutio oratoria* 11.2.27, her omsett av D. A. Russell i Quintilian (2001), s. 73.

formidlinga frå antikken til vår tids fjernsynsreportasjar, og kronologi er på same

måten eit fenomenologisk trekk som ligg til grunn for all vår tenking om tid.

### Om forfatteren:

Sissel Høisaeter er lektor i norsk ved Høgskulen Stord/Haugesund, Avdeling for lærarutdanning. Ho har skrive fleira artiklar om munnlegheit og har vore medlem av skriftstyret for *Retorisk Årbok*, utgitt av Retorisk Forum, Bergen.  
Email: sissel.hoisaeter@hsh.no

## Litteratur

- Andersen, Øivind (1995): *I retorikkens hage*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Aristoteles (1991): *Retorik*, oversat med introduksjon af Thure Hastrup, København: Museum Tusulanums forlag.
- Baden, Gustav Ludvig (1797): *Det danske Riges Historie. En Haandbog ved Gustav Ludvig Baden, Doktor Juris, Vicelandsdommer i Lolland og Falster, Borgermester og Byfoged i Nakskov, samt Herredsfoged i Lollands Sønderherred*, København: J. H. Schubothes Forlag.
- Barfod, Fredrik (1861): *Mindre Lærebog i Danmarks Historie*, København: Gyldendalske Boghandling.
- Berg, C. (1885): *Græsk-Dansk Ordbog til Skolebrug* (2. forkortede Udgave), København: Gyldendalske Boghandel.
- Eide, Tormod (1990): *Retorisk leksikon*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Hallager, Morten (1807): *Forsøg til en Læse-Øvelse-Bog hvoraf Børn kunde lære at kjende alle slags danske og latinske Bogstaver; samt tillige at læse rigtig og forståelig, indeholdende forskjellige Materier til deres Forstands Oplysning og Hjerters Forbedring* (8. forøgede og forbedrede Oplag), København: Th. E. Mangels Forlag.
- Handest, M. C. (1877): *Fædrelandets Historie til Skolebrug* (2. Udgave), Aarhus: Jacob Zeuners Forlag.
- Kall, Abraham (1776): *Den almindelige Verdens Historie kortelig forfattet og til Brug for Skolerne i Danmark og Norge udgivet ved Abraham Kall, Professor i det greske Sprog og Bibliothecarius ved Kiøbenhavns Universitet*, København: Morten Hallager.
- Kjeldstadlie, Knut (2000): *Fortida er ikke hva den engang var. En innføring i historiefaget*, Oslo: Universitetsforlaget.
- Krarup, Per (1970): "Den højere skoles bøger", i Vagn Skovgaard-Petersen (red.): *Skolebøger i 200 år*, København: Gyldendal, s. 175-231.
- Lauring, Palle (1970): "Folkeskolens bøger 1770-1900", i Vagn Skovgaard-Petersen (red.): *Skolebøger i 200 år*, København: Gyldendal, s. 23-92.
- Malling, Ove (1777): *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere*, genoptrykt 1992, København: Gyldendal.
- Mangelsdorff, K. E. (1808): *Den almindelige Verdenshistorie til Brug for Skolerne i Danmark og Norge. Frit udarbejdet efter K. E. Mangelsdorff, Professor i Historie, Veltalenhed og Digtekunst ved det Kongelige Universitet i Königsberg. Første Afdeling. Den gamle Historie*, København: Soldins Forlag.
- Monrad, Chr. F. (1875): *Hovedpunkter af Verdenshistorien. Et hjælpemiddel til at fastholde det af læreren fortalte* (3. forøgede Oplag), København: Gyldendalske Boghandel.
- Mule, U. C. (1815): *Skildring af Hovedbegivenhederne i ældre Historie. En Læsebog for Ungdommen*. (2. Oplag, omarbejdet og forøget), Odense: S. Hempel.
- Munthe, E. (1804): *De mærkeligste Personers Levnetsbeskrivelser og de vigtigste Tildragelser igjennem alle Tidsaldr, tilligemed et Udtog. En Lærebog i Historien for de første Begyndere*, København: Thorings og Coldings Forlag.
- Ong, Walter (1991 [1982]): *Orality and Literacy. The Technologizing of the Word*, London and New York: Methuen.
- Quintilian, Marcus Fabius (2001): *The Orator's Education. Books 11-12. Edited and translated by Donald A. Russell*, Loeb Classical Library, bd. 494, Cambridge, Massachusetts, og London: Harvard University Press.

- Rhetorica ad Herennium* (1998): *Retorik til Herennius*, oversat af Søren Hindsholm, København: Gyldendal.
- Scheel, Heinrich Otto (1785): *Almindelig Udkast af Krigens Skueplads, eller geographiske, topographiske og historiske Beskrivelse over Kongerigerne: Danmark, Norge og Sverrig samt deres Tydske Provindser, som Indledning til Kong Fredrik IVs Krigs-Historie*, fordansket ved Thomas Thaarup. København: August Friderik Stein.
- Schröckh, J. M. (1801): *J. M. Schröckhs almindelige Verdenshistorie for Ungdommen og andre Historiens Undere. Fjerde Deels tredie Afsnit. Slutningen af den nyere Historie*, oversat af Brun Juul, København: Soldins Forlag.
- Volger, V. F. (1834): *Udsigt over de vigtigste Begivenheder i Historien til Brug for de første Begyndere*. Oversat af P. W. Becker, København: Gyldendalske Boghandling.

Ein tidlegare versjon av denne teksten blei presentert som foredrag ved Nordisk Netværk for Retorikkens Historie sin konferanse i Helsinki, august 2002. Takk til Pernille Harsting for grundig gjennomlesing og nyttige kommentarar i arbeidet med denne artikkelen.